



MØTEPROTOKOLL ELDRERÅDET

Møtedato: 23.11.2016
Møtestad: Heradshuset, møterom Panorama i 5. et.
Møtetid: 13:00 - 16:00

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Helge Risnes		Utvalsleiar
Bjarnhild Helle		Nestleiar
Agnar Sellevold		Medlem
Karin B. Groth	FRP	Medlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Sigmund Simmenes	SP	

Andre møtande:

Solrun Hauglum, sekretær og kommunalsjef.

Eirik Haga, ordførar, var til stades under sak 26 og 28.

Anne Hedvig Faugstad, sjukepleiar på Forvaltningskontoret, var til stades under sak 26.

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
23/2016	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
24/2016	GODKJENNING AV MØTEBOK
25/2016	REFERATSAKER OG MELDINGAR
26/2016	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
27/2016	ELDREDAGEN 2016 - EVALUERING OG REKNESKAP
28/2016	RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2017 - UTTALE FRÅ ELDRERÅDET



23/2016: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Eldrerådet 23.11.2016

Behandling:

ELD - sak 23/2016 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

24/2016: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Eldrerådet 23.11.2016

Behandling:

ELD - sak 24/2016 Vedtak/Tilråding:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

25/2016: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Eldrerådet 23.11.2016

Behandling:



ELD - sak 25/2016 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

26/2016: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

Eldrerådet 23.11.2016

Behandling:

Anne Hedvig Faugstad, sjukepleiar ved Forvaltningskontoret, orienterte om Karde-prosjektet som dreiar seg om utprøving av kvardagsteknologi og kor vidt desse produkta er universelt utforma.

Kommunalsjef Solrun Hauglum orienterte om status i "Lev Vel i Vaksdal". Det er inngått samarbeid med Hilde Haaland-Kramer, leiar ved Senter for omsorgsforskning Vest, rundt innbyggjarundersøking av fire utplukka årskull eldre i kommunen. Det er ønskje om å skipa til eit møte før skjema vert sendt ut for at eldre innbyggjarar skal kunne komma med innspel til skjemaet. Dei av Eldrerådet som ikkje er fødd dei utplukka årstala, sa seg villige til å stilla i ei innspelgruppe. Mest truleg vert dette møtet onsdag 4. januar kl. 10.30 - 13.00 i Kommunestyresalen på Dale.

ELD - sak 26/2016 Vedtak/Tilråding:

Saka vert tatt til orientering.

Sekretær sender mail til dei aktuelle deltakarane om dato og tid for møte med innspelgruppe.

27/2016: ELDREDAGEN 2016 - EVALUERING OG REKNESKAP

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teken til orientering.

Eldrerådet 23.11.2016

Behandling:

Leiar gjennomgjekk rekneskap for Eldredagen 2016.

Det var ein vellukka dag, og Turbinen egna seg som lokale.

Det kom forslag om å bruka delar av overskotet til noko som kan gleda institusjonsbebuarane før jul.



ELD - sak 27/2016 Vedtak/Tilråding:

Rekneskapet vert godkjent, og saka vert tatt til orientering.

Inntil kr. 5000,- av overskotet etter Eldredagen 2016 vert brukt til bebuarane på sjukeheim. Sekretær undersøker med institusjonane kva som kan vera aktuelt og melder attende til leiar for Eldrerådet.

28/2016: RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2017 - UTTALE FRÅ ELDRERÅDET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2017 vert teke til orientering.

Eldrerådet 23.11.2016

Behandling:

Ordførar Eirik Haga orienterte i saka, og kommunalsjef Solrun Hauglum svara på spørsmål.

ELD - sak 28/2016 Vedtak/Tilråding:

Eldrerådet tek Formannskapet sitt budsjettvedtak til orientering.

Eldrerådet ber om at auka midlar til institusjon vert nytta til auka ressursar innan rehabilitering/korttidsopphold. Auka midlar til heimetenesta bør nyttast til å tilsetja ergoterapeut. Ei slik stilling er særst viktig for førebyggjande tiltak.



Vaksdal kommune

Eventuelt:

- **Den kulturelle spaserstokken.** Vaksdal har fått tildelt kr. 62.000,- for 2017. Program vert laga for våren, og Eldrerådet set dette opp som sak på første møte etter nyttår. Sekretær sjekkar med Ole Johnny Domben korleis flygeblad/plakatar skal komma rundt etter nyttår.